



Sentrale karakteristika ved areal- og transportsystemet i Midt-Telemark kommune

Bø og Gvarv sentrum

April 2019

Innhald

1	Introduksjon	3
2	Dagens situasjon	3
2.1	Folketal	3
2.2	Handel og anna næringsliv	4
2.3	Bustad- og tettstadstruktur.....	6
2.4	Plassering av sentrale funksjonar i Midt-Telemark kommune	8
2.4.1	Bø sentrum	9
2.4.2	Gvarv sentrum.....	13
2.5	Transportmiddelfordeling	14
2.6	Parkering	15
2.7	Arbeidsreiser	17
3	Planstatus	20
3.1	Kommuneplanens samfunnsdel.....	20
3.2	Kommuneplanens arealdel for Bø	21
3.3	Kommuneplanens arealdel for Sauherad	22
3.4	Områdereguleringsplan for Bø sentrum	23
3.5	Områdereguleringsplan for Campus Bø.....	24
4	Strategiske val i areal-, transport- og sentrumsutvikling 2007-2019.....	25
4.1	Kronologisk gjennomgang av viktige beslutningar Bø	25
4.2	Kronologisk gjennomgang av viktige beslutningar Sauherad	27
4.3	Refleksjonar rundt tilhøve som fremmer/hemmer klimavenleg, attraktiv og inkluderande stadutvikling	27
5	Referansar	28

1 Introduksjon

Sauherad og Bø kommuner slår seg saman til Midt-Telemark kommune frå og med 1.1.20. Dei to kommunane sjåast difor i samanheng i dette notatet. Ved samanslåing av kommunane vil grunnkretsane Hjuksebø og Angar overførast frå Sauherad til Notodden kommune. I nyleg vedtatt samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune er Bø sentrum definert som region- og kommunesenter og Gvarv definert som lokalsenter.


Dette notatet beskriver sentrale karakteristika, utfordringer og muligheter ved:

- areal- og transportsystemet
- forhold/betingelser i sentrumsområdene i Bø og på Gvarv
- forhold som fremmer/hemmer klimavennlig, attraktiv og inkluderende stedsutvikling

2 Dagens situasjon

2.1 Folketal

Pr 1.1. 19 er det registrert 4293 innbyggjarar i Sauherad og 6630 i Bø. Om lag 3000 studentar er knytt til Høgskolen i Sørøst Norge, Campus Bø, og ein reknar at om lag 2000 av desse bur i Bø utan å vere registrert som innbyggjar. Bø har gjennom mange år opplevd ein sterk vekst i folketalet, sjå Figur 1, medan innbyggartalet i Sauherad har vore relativt stabilt.




Figur 1 Prosentvis folketaletsutvikling i kommunane i Telemark. Talet i parentes viser rangering blant alle kommunane i landet.

Ulike scenarier for framtidig folketaletsutvikling avhengig av grad av attraktivitet for dei to kommunane fram mot 2040 er vist i Figur 2 og Figur 3. Samla attraktivitet kan delast inn i nærings- og bustadattraktivitet. Bustadattraktivitet målar ekstra innflytting av personar i høve til forventa innflytting og næringsattraktivitet målar ekstra arbeidsplassvekst i næringslivet utover det som er forventa. Prognosane viser at om Sauherad må oppnå ei høgare attraktivitet enn den historiske for å

oppretthalde folketalet fram mot 2040. For Bø seier SSB sine prognosar at folkeveksten vil halde fram og vere nærmare 9000 innbyggjarar i 2040, men dette krev ei svært høg grad av attraktivitet.



Figur 2 Prognoser for folketalsutvikling i Sauherad etter grad av attraktivitet fram mot 2040 (Telemarkforskning 2019)



Figur 3 Prognoser for folketalsutvikling i Bø etter grad av attraktivitet fram mot 2040 (Telemarkforskning 2019)


2.2 Handel og anna næringsliv

Bø sentrum er regionsenter i Midt-Telemarkregionen og er definert som dette i Regional plan for samordna areal og transport for Telemark 2015-25 (ATP Telemark) (Telemark fylkeskommune 2014). Bø har eit godt handelstilbod og høg omsetnad i deltaljhandelen, sjå Tabell 1. Som det går fram av tabellen, så fungerer Bø som handelssentrum for ein større region, medan handelstilbodet i Sauherad er eit lokalt handelstilbod, som i hovudsak er lokalisert på Gvarv og i form av daglegvare og servering.

Tabell 1 Dekningsgrad for Sauherad og Bø og nærliggande kommunar (SSB) Dekningsgraden er tilhøvet mellom omsetnad i handelen og antatt kjøpekraft i befolkinga. Dekningsgrad under 100% betyr handelslekkasje ut av kommunen.

Kommune	Dekningsgrad 2009 (%)	Dekningsgrad 2014 (%)
Porsgrunn	105	93
Skien	99	102
Notodden	108	112
Nome	56	55
Bø	136	135
Sauherad	30	34
Seljord	168	161
Kviteseid	74	73

Handelen i Bø sentrum er i hovudsak konsentrert til Bøgata og Stasjonsvegen og i dei tre kjøpesentra inne i sentrum: Bøsenteret, Sønstebøtunet og Expertsenteret. Bøsenteret og Sønstebøtunet ligg i kvar sin ende av sentrum. Gjennom oversikt over tal tilsette i handelsverksemdar viser Figur 4 korleis handelsaktiviteten er fordelt i Bø sentrum.



Figur 4 Oversikt over tal tilsette i handelsverksemdar i Bø sentrum (Asplan Viak 2018)

I samband med utarbeiding av ny områderuleringsplan for Bø sentrum, vart det utarbeidd ei handelsanalyse for Bø sentrum (Asplan Viak 2017). I denne er behovet for ytterlegare areal til handel vist, sjå Tabell 2.

Tabell 2 Utbyggingspotensiale for handel i Bø sentrum fram mot 2027 (Asplan Viak 2017)


Varegruppe	Befolkningsvekst [m ²]	Økt kjøpekraft [m ²]	Samlet [m ²]
1. Dagligvarer	1 000	1 100	2 000
2. Utvalgsvarer	800	900	2 000
3. Møbler, hvitevarer, o.l.	300	300	600
4. Byggevarer/hagesenter	200	200	400
Detaljvarer, all handel samlet	2 300	2 500	5 000

Det er ikkje etablert kjøpesenter utanfor sentrum eller ekstern storhandelpark, men byggevare og Biltema er etablert i Bø handelspark rett på utsida av Bø sentrum. På Brenna i Sauherad kommune, rett ved grensa til Bø, er byggevareforretning etablert.


Bø fungerer også som regionsenter når det gjeld kulturtilbod. Det er eit svært rikt kulturtilbod i Bø sentrum, m.a. representert ved Gullbring kulturanlegg med Bø kino og symjebasseng og utelivsstadene.

Figur 5 og

Figur 6 viser lokaliseringkvotientane i ulike bransjar i hhv Bø og Sauherad. Lokaliseringkvotienten er andelen bransjen har av samla sysselsetting i Bø delt på bransjen sin andel i Norge. Der talet er over 1, er det relativt mange arbeidsplassar i denne bransjen i Bø og Sauherad.




Figur 5 Lokaliseringkvotient for ulike næringer i Bø 2018 (Telemarkforskning 2019)



Figur 6 Lokaliseringkvotient for ulike næringer i Sauherad i 2018 (Telemarkforskning 2019).

2.3 Bustad- og tettstadstruktur

Det foreligger ulike definisjonar av ein tettstad. Med SSB sin definisjon var det ved inngangen av 2018 3400 busette i Bø og 1100 i Gvarv. Alle dei øvrige befolkningskonsentrasjonane har færre enn 500 innbyggjarar. Figur 7 viser innbyggertall i de ulike grunnkretsene i Bø og Sauherad. Mellom 2008 og 2018 auka folketalet i Bø med ca. 1020 personer og i Sauherad med ca. 100. Det gir gjennomsnittlige årlige vekstrater på henholdsvis 1,7% og 0,2%. Over 80% av befolkningsveksten i Bø dei siste 10 åra kom i tettstaden Bø, og ca. 60% av befolkningsveksten i Sauherad kom på Gvarv. Befolkningsveksten på Gvarv var større enn i Sauherad kommune totalt, og det var også ein viss vekst i Hørte.



Figur 7 Busette fordelt på tettstader og grunnkretsar i 2018. For grunnkretsar som omfattar ein tettstad, visast folketalet i tettstaden og folketalet i resten av grunnkretsen.


Boligmassen er dominert av eneboliger, særlig i Sauherad. Av boliger fullført i 2007-16 var andelen eneboliger 55 % i Bø og 73 % i Sauherad. I Bø har det vært en ikke ubetydelig bygging av småhus, rekkehus og tomannsboliger. Større leilighetsbygg har fått et visst innslag i Bø med 11 % av boligbyggingen, mens denne boligtypen sto for 6 % av antall fullførte boliger i Sauherad. Det er verdt å merke seg at det har vært en ikke ubetydelig boligbygging i Sauherad, på 158 boliger av de typene som er listet opp i tabellen, samtidig som folketallet bare økte med ca. 60 personer i perioden. Dette skyldes trolig den interne sentraliseringen i kommunen (som også er til stede i Bø), ved at det bygges nye boliger i de områdene i kommunen der det er befolkningsvekst.

Type bygg	Bø	Sauherad
Enebolig, våningshus	224	115
Tomannsbolig	39	13
Rekkehus, kjedehus, terrassehus	52	0
Andre småhus	46	21
Store boligbygg på 2 eller flere etasjer	45	9
Sum fullførte boliger	406	158
- andel store boligbygg på 2 eller flere etasjer	11 %	6 %

Note: Omfatter ikke «andre bygg enn bolig», studentboliger og omsorgsboliger

Figur 8 Tal fullførte bustader 2007-2016 (SSB)

Større konsentrasjonar av bustader ligg i hovudsak inn mot sentrum i Bø. I Sauherad er bustadkonsentrasjonen fordelt på tettstadene, sjå Figur 9 Befolkningskonsentrasjon i Bø og på Gvarv (SSB) der dei områda med høgast befolknings tetthet har mørkast farge.




Figur 9 Befolkingskonsentrasjon i Bø og på Gvarv (SSB)

Fortettingsanalyse for Bø sentrum (Rambøll 2016) viser at det er eit tydeleg potensiale for å fortette eksisterande bustadområde i sentrum og for fortetting med kombinerte formål næring/forretning/bustad i sentrumskjerna. Tilsvarende analyse er under utarbeiding for Gvarv sentrum våren 2019.

2.4 Plassering av sentrale funksjonar i Midt-Telemark kommune

Dei viktigaste målpunkta av arbeidsplassar, skular, handel og tenesteyting i Bø kommune er lokalisert i Bø sentrum, sjå Figur 10. I Sauherad er målpunkta fordelt mellom Gvarv og grendesentra, og ein privat grunnskule ligg langs fv 360 nord for Akkerhaugen.



Figur 10 Viktige målpunkt i Bø og Sauherad

2.4.1 Bø sentrum

Sentrale funksjonar

Figur 11 viser plassering av sentrale funksjonar i og i tilknytning til Bø sentrum. Dei aller fleste funksjonane som er nummerert under og vist i kartet ligg innanfor ein radius på 1km frå rundkøyringa i Bø sentrum. I figuren er sentrumsgrensa vist med rød line og avgrensing av Campus Bø vist med blå line.

Skular og barnehagar:

1. Universitetet i Sørøst-Norge
2. Bø ungdomsskule
3. Bø vidaregåande skule
4. Bø barneskule
5. Bøhamna og Veslekroa barnehagar
6. Gullbring barnehage
7. Sandvoll barnehage
8. Maurtuva barnehage

15. Bø kyrkje
16. Studentkroa i Bø
17. Sandvoll idrettsanlegg

Sentrale handelsbygg:


18. Bø senteret
19. Expertsenteret
20. Sønstebøtunet
21. Bø handelspark (plasskrevjande handel)

Offenlege funksjonar:

9. Bø sjukeheim, omsorgsbustader og helsestasjon
10. Bø legesenter og tannlegesenter
11. Bø stasjon – regionalt kollektivknutepunkt
12. Evjudalen friluftspark
13. Kommunehuset, Bø torg og Bø bibliotek
14. Gullbring kulturanlegg

Konsentrasjon av arbeidsplasser:

22. Grivi industriområde
23. Telemarksbruket
24. Beverøya camping
25. Telemark kompetansebygg (m.a. Telemarkforskning)
26. Planlagt ny kunnskapspark




Figur 11 Lokalisering av sentrale funksjonar i Bø sentrum. Avgrensing av sentrum i kommuneplanens arealdel er vist med rødt line og områdereguleringsplan for Campus Bø med blå line. Bustadområde er vist med gult, offentlege formål med raudt, næringsareal med lilla farge og kombinerte formål med gul skravur.

Figur 12 viser eit knippe sentrale målpunkt i Bø sentrum og handlegatane Stasjonsvegen og Bøgata. Skulane og Bø stasjon ligg i «sirkel» rundt sentrumskjerna og aksane langs hovudvegane og gang-/og sykkelnettet i Evjudalen bind sentrumskjerna saman. Av figuren går det fram kvar dei større parkeringsareala i sentrum ligg.



Figur 12 Viktige funksjonar i Bø sentrum

Som del av forstudiet til Bygdepakke Bø vart det i 2015 gjennomført barnetråkkregistrering på grunnskulane i Bø (Bø kommune 2016). Registreringa viser m.a. viktige møteplassar for barn og unge i sentrum. Figur 13 viser kva for punkt i sentrum som opplevast som positive for barn (grøn), skremmande/farlege punkt (raud) og område for aktivitet (blå). Figuren viser at område som Evjudalen, Sandvoll idrettsanlegg, Gullbring kulturanlegg, Bø torg og idrettsanlegga på campus er viktige plassar for barn og unge, i tillegg til kjøpesentra Sønstebøtunet og Bøseneteret. Det er ikkje gjort tilsvarande undersøking blant studentar og vaksne, men det er sannsynleg at mange av dei same plassane er viktige også i andre aldersgrupper.



Figur 13 Barnetråkkregistrering i Bø sentrum - leike- og opphaldsområde. Grønt viser punkt som opplevast som postivite, raudt negative og blå viser punkt for aktivitetar (Bø kommune 2016)

Evjudalen friluftspark og Bø torg

Gjennom staduviklingsprosjektet ROM for alle har Bø kommune opparbeid dei offentlege møteplassane Bø torg og Evjudalen friluftspark. Bø torg var tidlegare parkeringsareal. I 2011 sto nye Bø torg sto ferdig som resultat av eit spleiselag med næringslivet. Etter dette har torget blitt tatt i bruk til stadig nye arrangement, som marknadsgar, 17.mai, nattope, julegrantenning, sykkelmekkedagar, korpsfestival osv.

Evjudalen friluftspark har blitt opparbeidd gjennom to byggetrinn i perioden 2012-2015. Parken ligg midt i Bø sentrum, og gang- og sykkelaksane gjennom området bind funksjonane i sentrum saman. Området er sikra som statleg friluftsområde. Opparbeiding av Evjudalen og torget er illustrert i Figur 14. Området er opparbeidd med g/s-vegar og stiar, belysning, fangdammar, benkar, treningsområde, leikeapparat, aktivitetsflater, grillplass og kunstnerisk belysning av området. Ved å sikre Evjudalen som statleg friluftsområde og investere betydelege midlar i opparbeidinga av dette, har kommunen lagt til rette for ei høg utnytting av områda i sentrum. Evjudalen ligg mellom campus og handlegatene og gir attraktivitet både til campus og til sentrum for øvrig. Stinettet i Evjudalen er om lag 2,5 km langt. Dette er eit viktig bidrag til bukvalitetene i sentrum.




Figur 14 Opparbeiding av Ejudalen og Bø torg

2.4.2 Gvarv sentrum

Tenesteyting og handel er plassert langs Gvarvgata på Gvarv. Sentrum sør for Gvarvgata er eit reint bustadområde, med unntak av Gvarv Bakeri i Gamlegata og pleie- og institusjonsbustader, sjå Figur 15.

Sett inn kart tilsvarende fig 12 – skole, bygdeheim, kolonial, legesenter, bussholdeplass, stasjon, barnehage



Figur 15 Oversikt over funksjonar for bygg i Gvarv sentrum

2.5 Transportmiddelfordeling

Bø og Sauherad inngår ikkje i det regionale tillegget til den nasjonale reisevaneundersøkinga, d.v.s. at ein ikkje kjenner fordelinga på ulike transportmiddel lokalt, berre generelle tal for kommunar utanom storbyane. Det er likevel kjent at kommunane, som dei fleste andre bygder i Noreg, i høg grad er bilbaserte. Trafikkanalysa som vart gjennomført i forstudiet til Bygdepakke Bø i 2015 (Rambøll 2016) viser at om lag 20% av biltrafikken gjennom Bø sentrum er gjennomgangstrafikk. Øvrig trafikk er internttrafikk og trafikk som har sitt start-/måltpunkt i Bø.

Kollektivtilbodet internt i Bø består av Bøbussen, som går i eit åttetall med sløyfer inn i bustadområda nord og sør for sentrum. Bussen går berre på dagtid og ikkje i helgene. Bøbussen vil f.o.m. sommaren 2019 bli erstatta av eit appbasert bestillingstilbod kalt «Hent meg». Kollektivtilbodet langs rv 36 ut/inn av Bø og gjennom Gvarv er godt, med avgang kvar halve time med buss til Skien. Elles bussar til Seljord, Lunde, Notodden, Bergen/Oslo (Haukeliekspressen) og avganger med tog til Kristiansand og Oslo annankvar time. Kollektivandelen av reiser i Bø og Sauherad er ikkje kjent, men Tabell 3 viser utviklinga i passasjeretalet for lokalbussane frå 2016-2018. Passasjeretalet for ekspressbussane er ikkje kjent.

Tabell 3 Busspassasjerer på lokalbusstilbodet i Sauherad og Bø (ekspressbussane kjem i tillegg)

	2016	2017	2018
Notodden-Bø-Lunde			
Nordagutu	8 901	9 049	8 252
Akkerhaugen bru	6 678	5 978	5 988
Gvarv stasjon	9 890	8 787	7 921
Bø sentrum	23 543	25 623	25 578
Lunde	14 824	18 917	18 666
Bøbussen	21938	23793	26 675

Passasjeretalet for tog viser ei svært stor auke i bruk av tog til og frå Bø dei siste åra, sjå Tabell 4.

Tabell 4 Tal påstingar på Bø og Nordagutu stasjonar 2012-2017

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Bø stasjon	81 565	81826	86059	94442	101590	110355
Nordagutu stasjon	32 615	16 571	25 949	35 102	39 497	36 952

Sykkelandelen i Bø er i Sykkelbyundersøkelsen (Statens vegvesen 2016) anslått til å ligge på 9% generelt. Tilsvarande undersøking er ikkje gjennomført i Sauherad. Gangandelen finst det ikkje tal på, men både gang-, sykkel- og kollektivandel for studentar og tilsette på Campus går fram av ei spørreundersøking frå 2014 (Statsbygg 2014), sjå Tabell 5.

Tabell 5 Reisemiddelfordeling på Campus Bø (2014) samanlikna med Telemark og region sør i Statens vegvesen (Buskerud, Vestfold, Telemark og Agder)

	Campus Bø	Telemark	Region sør
Kollektiv:			
Tog	1%		
Buss	3%		
Totalt	4%	4 %	7%
Syssel:	7%	7%	7%
Bilfører:	42%	75%	71%
Bilpassasjer:	5%	7%	6%
Gange:	41%	6%	8%
Anna:	0%	1%	1%

2.6 Parkering

Parkering skjer i hovudsak på bakkeplan i Bø og Gvarv sentrum, med unntak av nokre leilighetsbygg og Sønstebøtunet kjøpesenter, der det er etablert parkeringshus. I fortettingsanalysa for Bø sentrum (Rambøll 2016) er grå areal som i hovudsak nyttast til parkering vist, sjå Figur 16. Innanfor sentrumsavgrensninga utgjer desse areala 115 daa. Rambøll har lagt til grunn for si fortettingsanalyse at handelen i Bø sentrum kan klare seg med ned mot 10 % av dette arealet.




Figur 16 Grå areal/parkeringsareal fordelt på tre delområde i Bø sentrum (Rambøll 2016)



Figur 17 Parkeringsareal i Gvarv sentrum (Asplan Viak 2009)

Parkering er i dag gratis i Bø og Gvarv sentrum, og ingen av kommunane har etablert parkeringsverksemd som kan handheve vilkårsarkering. Krav til tal parkeringsplassar gitt i områderegeringsplan for Bø sentrum og i enkelte detaljreguleringsplanar for Gvarv sentrum. Som del av forprosjektet til Bygdepakke Bø er det utarbeidd ei [parkeringsanalyse](#) (Asplan Viak 2017) som la grunnlag for revidering av områderegeringsplan for Bø sentrum og som vil vere grunnlag for parkeringsstrategi som skal utarbeidast i hovudprosjektet i Bygdepakka. Parkeringsanalyse viser at det er god tilgang på p-plassar i Bø sentrum i dag, sjå Figur 18



Figur 18 Tal p-plassar innanfor 150m avstand på eitkvart punkt i Bø sentrum.


I parkeringsanalyse er det ei klar tilråding om å opprette ei parkeringsverksemd med konsesjon som kan gjennomføre føresegnene i den nasjonale parkeringsforskrifta. Bø sentrum vil over tid få eit meir «bymessig» preg, og dei vanlege behova for regulering vil auke. Dette fordi det er lite tenkelig at all parkering i Bø sentrum faller utenom parkeringsforskriftens bestemmelser, og det blir helt sikkert et økende behov for å innføre ulike typer parkeringsvilkår i takt med fortetting og høgere utnyttelse av sentrumsarealene.

2.7 Arbeidsreiser

Arbeidsplassene er sterkt sentralisert i de to kommunene. Av de ca. 2700 arbeidsplassene lokalisert i Bø kommune i 2014 er over 90 % i Bø tettsted. Halvparten av de ca. 1300 arbeidsplassene som er lokalisert i Sauherad kommune, ligger i tettstedet Gvarv. Det vil sei at det ligg godt til rette for å auke andelen reiser med gange, sykkel og kollektiv, særskilt i Bø. Dette viser også mobilitetsanalyse for Bø (Statens vegvesen 2016) omtalt under.


I forhold til folketallet er det få arbeidsplasser i Sauherad, slik at utpendlingen var stor (33%). Behovet for utpendling er mindre i Bø, som hadde netto utpendling på 3%. Frå 2008 til 2017 økte

antall arbeidsplasser i Bø med 300, mens antall arbeidsplasser i Sauherad gikk ned med nesten 150. Mange i Sauherad pendler til Bø eller Grenland, til Notodden/Kongsberg og til resten av Norge, sjå Figur 19.



Figur 19 Pendlingsstrømmer. Tal personar som pendlar mellom ulike kommunar/område (Norconsult 2018)

Mobilitetsanalyse utført i forstudiet av Bygdepakke Bø (Statens vegvesen 2016) viser at av 1105 arbeidstakarar i Bø bur i Bø og når ein legg til pendlarar, får ein 1785 arbeidstakarar i Bø. I mobilitetsanalyse har ein funne kortaste veg på sykkel og til fots mellom heim og arbeidsstad. Analysen viser hovednett for gange, sykkel til og fra hjem og arbeidsstad for arbeidsreiser på under 30min (gang- eller sykkeltid), sjå Figur 20. Analysen tar utgangspunkt i registrert bostedadresse og registrert adresse for arbeidsplass (på grunnkrets nivå) for alle arbeidstakere i Bø kommune. Modellen tar omsyn til terrenget, det vil sei at i Bø vil dei fleste bruke lenger tid heim frå jobb og skule (oppoverbakke) enn til jobb og skule (nedoverbakke).



Figur 20 Korteste reiseveg med sykkel og gange mellom heim og arbeid (Statens vegvesen 2016). Reiser under 30 min er vist for hhv gange og sykkel til jobb og for sykkel frå jobb.

For sentrum viser mobilitetsanalyse kva for strekningar som har størst potensiale for å nyttast (skule- og arbeidsreiser) til fots og til sykkel. Figur 21 viser, på bakgrunn av kvar folk bur og kvar dei arbeider/går på skule, kva for strekningar som har størst potensiale for å nyttast med sykkel til arbeid og skule. Potensialet er vist med tjukkare blå line dess større potensialet er.



Figur 21 Potensiale for sykkel på ulike strekningar. Dess tjukkare line, dess større potensiale for sykkeltrafikk til jobb og skule (Statens vegvesen 2016)

Tilsvarende [analyse](#) er gjort for Sauherad som grunnlag for sykkelplan for Sauherad.

3 Planstatus

3.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Bø og Sauherad kommunar vedtok i februar 2019 felles samfunnsdel av kommuneplanen. Samfunnsdelen har fire satsingsområde, bygd på visjonen «Vi skapar framtida saman»:

- Saman: Demokrati, identitet og samskaping
- Skapar: Attraktivitet for næring, bustad og besøk
- Vi: Livskvalitet og levekår
- Framtida: Innovativt, smart og grønt Midt-Telemark


Som del av samfunnsdelen er det vedtatt ein arealstrategi i 10 punkt. Her er m.a. senterstrukturen fastsett og illustrert i Figur 22.



Figur 22 Prinsippkisse av arealstrategien for Midt-Telemark kommune

3.2 Kommuneplanens arealdel for Bø


[Kommuneplanens arealdel](#) for Bø vart vedtatt 15.6.15. Av føresegnene til planen går det fram at tenesteyting med høg besøksfrekvens skal lokaliserast innanfor sentrumsområdet, som har ei restriktiv avgrensing. Etablering eller utviding av handelsverksemd med bruksareal >800m² tillatast ikkje utanfor sentrum. Unntaket er handelsverksemd med plasskrevjande varer jf. definisjon ATP Telemark (Telemark fylkeskommune 2015). I tråd med ATP Telemark, vart det lagt inn ei tettstadavgrensing i planen og føresegner om at 70% av bustadbygging pr 4. år skal skje innanfor denne. Tettstadavgrensinga ligg om lag 3km frå sentrum (rundkøytinga), med unntak avgrensing mot nord, der Folkestadfeltet er tatt med, sjå Figur 23.



Figur 23 Tettstadgrense i kommuneplanens arealdel

3.3 Kommuneplanens arealdel for Sauherad

[Kommuneplanens arealdel](#) for Sauherad vart vedtatt 16.2.2017. Alle dei fem tettstadene Hørte, Gvarv, Akkerhaugen, Nordagutu og Hjuksebø er definert som egne tettstader, slik at 70% av bustadbygginga skal skje i dei fem tettstadene til saman. I Figur 24 er tettstadgrense og sentrumsformål frå arealdelen vist for tettstadene unntatt Hjuksebø, som blir overført til Notodden kommune f.o.m. 1.1.20.




Figur 24 Tettstadgrense frå arealdelen rundt fire av dei fem definerte tettstadene i Sauherad (den femte tettstaden går til Notodden ved kommunesamanslåing)

Tidlegare vedtatt kommunedelplan for Gvarv er innlemma i kommuneplanens arealdel.

3.4 Områderegeringsplan for Bø sentrum

Områderegeringsplan for Bø sentrum vart rullert 5.11.18. Planen legg opp til ei gradvis utvikling av kvartalsstruktur langs hovudgatene Bøgata og Stasjonsvegen. Ved siste rulling, vart sentrumsformålet med krav om publikumsretta verksemd i 1.etg redusert for å sikre at tyngdepunktet for handel også i framtida skal ligge langs Stasjonsvegen og Bøgata. Kvartala kan byggast ut høgt og tett, og trappas ned mot bustadområda rundt. Slik sikrar ein ein høg utnytting i sentrumskjerna (by) samstundes som kvalitetene knytt til identiteten som bygd vert ivarettatt. Evjudalen friluftsområde er regulert som ei stor grøn lunge i sentrum. Det er høve til å kjøpe seg fri frå kravet til uteopphaldsareal for utbyggjarar i sentrum gjennom utbyggingsavtale med Bø kommune. Midlane skal nyttast til opparbeiding av eitt stort offentleg friområde i Evjudalen.



Figur 25 Utsnitt frå reguleringsplanbasen frå Bø sentrum

Ved siste rullering av sentrumsplanen, vart føresegnene for parkering endra frå minimum til maksimumsnorm, og parkeringskravet vart betydeleg redusert. Det vart i tillegg lagt inn maksimumskrav for overflateparkering.

Attraktive og samanhengande gang- og sykkelforbindelsar er ein viktig sentrums kvalitet, og ein føresetnad for å auke talet på dei som vel sykkel eller gange framfor bil i Bø sentrum. Gjennom gatebruksutredninga vart viktige målpunkt, grøntdrag og offentlege plasser samt behov for betre gangforbindelsar kartlagt. Desse vart sikra med omsynssoner i ny sentrumsplan, med krav om at endeleg løysing skal fastsettast i dei detaljreguleringsplanane dette er aktuelt for.

3.5 Områdereguleringsplan for Campus Bø

Områdereguleringsplan for Campus Bø vart vedtatt 25.5.16 og omfattar arealet rundt Høgskolen i Sørøst Noreg, Gullbring kulturanlegg, Bø hotell og Hellandtunet. Planen legg til rette for funksjonar som støtter opp under høgskulen, d.v.s. kontorarbeidsplassar og studenthyblar i tillegg til kulturhus og barnehage.

4 Strategiske val i areal-, transport- og sentrumsutvikling 2007-2019

4.1 Kronologisk gjennomgang av viktige beslutninger Bø

2007: Første reguleringsplan for Bø sentrum. Evjudalen regulert som eitt stort friluftsområde, krav om næring i første etasje i sentrumskjerna.

2009: Kommuneplanens arealdel vedtatt med restriktiv sentrumsgrense. I forkant av rulleringa hadde investorer starta utarbeiding av reguleringsplan for Bø handelspark for å investere stort i detaljhandel her og ny rundkøyring på rv.36. Diskusjonen om sentrumsavgrensing vart ein diskusjon om Bø handelspark, og resultatet vart at sentrumsgrensa vart trekt ved Valenvegen, dvs at Bø handelspark vart liggande utanfor og det vart ikkje detaljhandel her.

2011:

- Bø handelspark prøver på ny å få godkjent detaljhandel på Grivjordet. Sentrumsutvikling og -avgrensing vert eit sentralt tema i kommunevalet. Opposisjonen, som gikk ut mot utviding av sentrumsgrensa, vann valet.
- Sentrumsutviklingsprosjektet [ROM for Alle](#) igangsett – utvikling av fysiske (Bø torg, Evjudalen, samarbeid med utbygger om Skogenkvartalet) og sosiale møteplassar (Bøker i Bø, torgarrangement). Bø torg ferdigstilt.

2013:

- Forstudium omlegging av rv 36 viser at rv 36 kan leggest i tunell utanfor sentrum. Påkoplingspunkt tett på sentrum.
- Samfunnsdel av kommuneplanen vedtatt – mål om å legge rv 36 utanom sentrum, restriktiv sentrumsavgrensing og bustadområde i g/s-avstand frå sentrum.
- Områdereguleringsplan for Bø sentrum revidert for å auke utnyttingsgraden og byggehøgder

2014:

- Områdereguleringsplan for Nordbøåsen vedtatt. 300 nye bustader 2,4km frå rundkøyringa. Neste store bustadområde i Bø.
- Kommunen, HiT, Statsbygg, Telemark kompetansesenter, Bø hotell og Gullbring kulturanlegg samarbeider om utarbeiding av Utviklingsplan for Campus Bø. To øvste prioriterte tiltak:
 1. Områdereguleringsplan for Campus Bø for å sikre at areala vert sikra til formål som bygger opp under høgskulen
 2. Utbygging av kunnskapspark på Campus.
- Dispensasjon frå reguleringsplan for Bø handelspark for etablering av Biltema (detaljhandel).

2015:

- Kommuneplanens arealdel rullert:
 - Kommunen vil bandlegge tunellopningar for å legge til rette for omlegging av rv 36 gjennom sentrum, men Statens vegvesen vil ikkje starte planlegging av tunellen før den evt. ligg som prosjekt i NTP. Resultat: Oppstart av Bygdepakke Bø (forstudium) for å samarbeide om trafikkreduksjon på eksisterande vegnett og signering av Sykkelpavertale

- Diskusjon om Berganåsen bustadfelt (2km frå rundkøyringa). Området ligg som bustad i gjeldande kommuneplan, men er ikkje utbygd. Naboar ønskjer omgjerung til friområde, vert liggande som bustadområde p.g.a. at området ligg tett på sentrum.
- Diskusjon om utviding av Breisås bustadfelt øvst i feltet (2,3 km frå sentrum). Området låg inne ved høyring av planen, men vart tatt ut ved endeleg vedtak pga konflikt med friluftsiresser og at området ville bli bilbasert pga stor høgdeforskjell frå sentrum.
- Ferdigstilling av Evjudalen friluftspark (byggetrinn 1 - nye gang-/sykkelvegar, tre vasspegel og oppfylling for å sikre utbyggingsområda på nordsida av dalen mot kvikkleireskred).
- Telemark fylkeskommune løyver midlar til opprusting av Stasjonsvegen (fylkesveg) som stadutviklingsprosjekt. Prosjektering i tett samarbeid med gardeigarar og kommune. Tilrettelegging for mjuke trafikantar og liv på tvers av gata vektlagt. Opprustinga skjer i 2016-17.

2016:

- Områdereguleringsplan for Campus Bø vedtatt. Spleiselag mellom aktørane på Campus.
- [Bø Kunnskapspark](#) planleggast på eksisterande parkeringsplass framfor Bø hotell. Studentbustader i to etasjer over to etasjer med næring, bygget kopla saman med Bø hotell for å legge til rette for felles funksjonar.
- Forstudium i Bygdepakke Bø avsluttast. Sentrale funn:
 - Berre 20% av trafikken i Bøgata er gjennomfartstrafikk.
 - Det er eit stort fortettingspotensiale i Bø sentrum, dagens parkeringsareal kan reduserast betydeleg. Befolkningsvekst på 1000 personar kan busettast innanfor sentrumsgrensa samstundes med at vekst i arbeidsplassar lokaliserast her.
- Telemark bilruter startar opp ½-timesavgangar frå Bø til Skien på bakgrunn av innføring av bompengar i Grenland (Bypakke Grenland) og arbeidet med Bygdepakke Bø.
- Byggetrinn 2 i Evjudalen (benkar, treningsapparat, leikeapparat, aktivitetsflater)
- Vedtak om kommunesamanslåing med Sauherad

2017:

- Forprosjekt Bygdepakke Bø avslutta:
 - Mulighetsstudie for Bø stasjon: Potensiale med og utan tømmerterminal
 - Parkeringsutgreiing: Råd om parkeringsverksmed, felles p-anlegg og maksimumsnorm
 - Gatebruksutgreiing: Råd om omlegging av Møllevegen og nye gangsamband
- Sykkelplass vedtatt – Bøgata del av hovudnett for sykkel

2018:

- Mulighetsstudie for Bøgata utarbeidd – sykkelfelt, kantstopp for buss og fjerning av venstresvingefelt i kryss rv 36-Gymnasbakken
- Ny områdereguleringsplan for Bø sentrum vedtatt:
 - Maksimumskrav for parkering, maks andel overflateparkering
 - Auka byggehøgder og innsnvering av sentrumsformål
 - Sykkelfelt i Bøgata, gangliner sikra
 - Omlegging av Møllevegen
 - Tømmerterminal regulert til utbyggingsformål

2019:

- Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark med arealstrategi vedtatt. Bø regionsenter og Gvarv lokalsenter.

4.2 Kronologisk gjennomgang av viktige beslutningar Sauherad

2010: Kommunedelplan for Gvarvområdet: Tilrettelegging for boliger i tilknytning til Gvarv og fortetting i sentrum.

20xx/xx: Bygging av ny bygdeheim, omsorgsbustader og barnehage på Gvarv (Notevarp)

2012: Vedtak om å samle grunnskulane til ein barne- og ungdomsskule på Gvarv

2016: Vedtak om kommunesamanslåing

2017:

- Kommuneplanens arealdel vedtatt. Kommunedelplan for Gvarv innlemma og alle fem tettstadene definert som tettstader som 70% av bustadbygginga skal skje innanfor.
- Vedtak om å inngå i hovudprosjektet til bygdepakka, no Bygdepakke Bø og Sauherad, og delfinansiere dette.

2018:

- Ekspressbussane langs rv 36 sluttar å køyre innom Gvarv stasjon og stoppar berre ved Sagavollkrysset langs rv 36.
- Opprusting av rv 36 gir g/s-vegsamband heile vegen mellom Gvarv og Ulefoss
- Signering av sykkelbygdavtale med fylkeskommunen og Statens vegvesen

2019:

- Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark med arealstrategi vedtatt. Bø regionsenter og Gvarv lokalsenter.
- Utarbeiding av sykkelplan for Sauherad
- Utarbeiding av fortettingsanalyse for Gvarv

4.3 Refleksjonar rundt tilhøve som fremmer/hemmer klimavenleg, attraktiv og inkluderande stadutvikling

I Bø er dei fleste sentrale funksjonar plassert i sentrum, og bustadområda ligg tett på. Den kompakte utbygginga gjev grunnlag for aktivitet og handel i sentrum, noko som gjer Bø sentrum levande og attraktivt også for besøkande. I Sauherad er busettinga meir spreidd og hovudfunksjonane fordelt mellom Gvarv, Akkerhaugen og Nordagutu. Gvarv er den tettstaden med mest handel, men det er behov for å auke andel bustader sentralt på Gvarv for å gje grunnlag for aktivitet i sentrum. Fylkesvegar utan g/s-veg bind tettstadene saman, og dette gjer det utfordrande å redusere bilandelen i kommunen.

I arbeidet med Bygdepakke Bø og Sauherad har det vist seg at mangel på regulering av parkering i Bø sentrum, særleg for skule- og arbeidsreiser, er eit tilhøve som hemmer klimavenleg stadsutvikling i

form av redusert bilbruk. Så lenge det ikke er nokon ulemper med å bruke bilen, er det krevjande å få dei som disponerer bil til å la denne stå og velge kollektiv, gange eller sykkel istaden.

5 Referansar

Asplan Viak 2009. Stedsanalyse Gvarv

Asplan Viak 2017. Handelsanalyse for Bø sentrum

Asplan Viak 2017. Parkeringsanalyse for Bø sentrum

Bø kommune. (2016). *Rapport Barnetråkk i Bø 2015*.

Norconsult 2018. Areal- og transportanalyse for Bø og Sauherad kommuner

Rambøll. (2016). *Fortettingsanalyse Bø sentrum*.

Rambøll. (2016). *Nummerskiltundersøkelse i Bø*. Rambøll.

SSB. (2016). *Statistikk på kart fra Statistisk sentralbyrå*. SSB.

Statens vegvesen. (2016). *Mobilitetsanalyse Bø*. Statens vegvesen.

Statens vegvesen. (2016). *Sykkelbyundersøkelsen*. Statens vegvesen.

Statsbygg. (2014). *Campusutviklingsplan for Høgskolen i Telemark, studiestad Bø*. Statsbygg, Bø kommune, Høgskolen i Telemark.

Telemark fylkeskommune. (2015). *Regional plan for samordna areal og transport for Telemark 2015-25*. Telemark fylkeskommune.

Telemarkforskning (2019). Regionale analyser, minirapporter for Bø (<http://regionaleanalyser.no/report/821/4/2>) og Sauherad (<http://regionaleanalyser.no/report/822/4/2>)